

- Ikkje lovleg vilkår av Vegvesenet

03.02.2012

Saka om ny bustad for Else Djuve og Sigurd Arne Arnesen går vidare. Advokatfirmaet Harris i Bergen har skrive til kommunen om dispensasjonen frå byggjegrensa som Vegvesenet har gjeve på vilkår av at avkøyrsla til fylkesvegen frå privat veg blir stengd,

Kommunen skal utifrå vedtaket ikkje gje igangsetjingsløyve for byggjing av bustaden før avkøyrsla er stengd.

Advokaten meiner at Vegvesenet ikkje har høve til å setja eit slikt vilkår. Dei har høve til å retta eit krav mot vegeigaren om stengjing av avkøyrsla frå privat veg.

Men Vegvesenet har ikkje adgang til å nekta kommunen å gje igangsetjingsløyve der vilkår for det føreligg etter lova.

Difor er vedtaket til Vegvesenet påklaga. Men advokaten ber kommunen om å handsama byggjesøknaden på vanleg vis utan omsyn til Vegvesenets vilkår.